

Sigrid Moldestad til Norddal



Tysdag i neste veke kjem Sigrid Moldestad til Norddal kyrkje.

Fredag 27. november kjem den folkekjære artisten Sigrid Moldestad med eit nytt album som har fått tittelen "Så ta mitt hjerte-dei beste songane". Tysdag 1. desember held ho konsert i Norddal kyrkje.

Plata inneheld 16 av dei beste songane frå fire forskjellige album i tillegg til ei bonusplate med uutgjevne materiale, to julesongar, deriblant singelen "Vintersong" og ei liveinnspeling med Kringkastingsorkesteret.

I ei pressemelding heiter det at med den norske folkemusikken som ankerpunkt og kjerne, blandar Sigrid Moldestad alt frå vise og americana til folkrock og pop. Ho er ein sterk historieforteljar som formidlar musikalske kjenslevare fortellingar til trøyst, glede og undring.

– Kjærleiken har gått igjen som ein slags raud tråd i alle platene mine. Eg er veldig glad i poesi og har hatt gleden av å tonesette flere dikt. Det har også inspirert meg stort når eg skal skrive egne tekstar. Folkemusikken er alltid med meg og eg er veldig stolt av plata TAUS som var den første eg gjorde som soloartist i 2007. Der var eg oppteken av kvinner sin rett til å ytre seg som dei vil, fortalt gjennom historiene til dei uvanleg mange kvinnelige felespeararane som var i mine heimtrakter for 150 år sidan. Denne plata fekk Spellemannsprisen. Musikken hadde sitt utspring frå tradisjonsmusikk etter desse damene og songar frå forestillinga eg skreiv og framførte med same namn. Nokre av songane derifrå vil for alltid bety noko spesielt for meg. Historia og songen om Samuline Seljeset er ein sånn. Eg er utruleg stolt av å kunne presentere eit live-opptak av "Samuline" fra 2013 saman med Kringkastingsorkesteret. Ein stort augneblink for meg å samarbeide med KORK på akkurat denne, fortel Moldestad.

Albumet speglar elles Sigrid Moldestad sine år som soloartist og historia hennar frå starten av karriera og fram til no. Tittelen på albumet seier noko om kor mykje varme og inderlegheit Sigrid legg i musikken ho skapar.


– Så ta mitt hjerte er egentlig eit dikt av danske Tove Ditlevsen. Eg laga song av det i 2011 og den er blitt ein av mine kjæraste songar, ein eg veit mange likar godt. Eg tykkjer tekstlinja passa godt i denne situasjonen også, det å gje ut ei plate er litt som å gje hjartet sitt til nokon. Ein kjenner seg litt hudlaus og sårbar når ein deler musikken sin. Og som med hjartet og kjærleiken håper ein berre at den som får det, tek fint i mot det, utdjuvar Moldestad.

Sigrid har i løpet av karriera si samarbeidd med mange ulike musikarar på tvers av sjanger. Det å samarbeide med andre og skape noko saman er noko ho alltid har sett stor pris på.

– Eg har alltid vore inspirert av mange typar musikk, men folkemusikken ligg som kjerne i alt eg gjer, både bevisst og ubevisst. Samspel med andre musikarar er ein enorm inspirasjon og drivkraft i meg og det trur eg kjem sterkt fram i både mine liveframføringar og plateinnspelningar. Eg har vore utruleg heldig som har fått jobbe med musikarar fulle av eigenart, musikarar eg framleis jobbar med. "Så ta mitt hjerte" er ei personlig samling songer som gjev publikum innblikk i nokre høgdepunkt frå mi karriere og nokre av de finaste samarbeida, avsluttar Sigrid.

Sigrid Moldestad markerar platesleppet før jul. Ho legg ut på ein to vekers turné med julekonseptet "Vintersong". Då vil plata vere med og publikum får ei god blanding av stemningsfulle julesongar og Sigrid Moldestad sine beste songar. Tysdag kjem ho til Norddal.

Kulturprisen til bygdekvinne



Gjennom setreboka la Valldal bygdekvinne lag ned eit stort arbeid. Det er berre ein av grunnan til at laget får Norddal kommune sin kulturpris i år.

Kulturprisen for Norddal vert i 2015 tildelt Valldal bygdekvinne lag - tidlegare Valldal bondekvinne lag. Prisen vert utdelt i samband med på kommunestyret sitt julemøte 17. desember.

Bygdekvinne laget får prisen for stor, variert og samfunnsnyttig innsats over tid. I snart 100 år har laget stått i fremste rekkje for på byggje gode og trygge lokal-samfunn med gaver og arbeidsinnsats.

Innsatsen spenner over eit breitt felt. I ein tidleg fase var kampen for likeverd og respekt mellom kjønna ei fanesak for laget. Omsut for heimen og oppveksande slekter har i alle år vore fanesaker. Det same gjeld omsorga for dei gamle. Valldal bygdekvinne lag har alltid vore ei kraft å rekne med når det trongst eit ekstra løft i bygda. Døme på dette er vedlikehald og stell av kyrkja og kyrkjegardane, arbeid med å få reist Valldal samfunns-hus og ansvar for tilskiping av Olsokfeiringa. Valldal bygdekvinne lag er framleis eit «ressurs-senter» i bygda med ei stor medlemsmasse og mange viktige prosjekt på gang.

Det siste store prosjektet som laget har fullført er Seterboka for Norddal - Til seters – Setrar i Norddal. Dette er eit verk på 480 sider med kart, bilde og illustrasjonar.

At eit frivillig lag, av eige tiltak, og med egne krefter, har klart å gjennomførte eit slikt prosjekt, er i seg sjølv både imponerende og prisverdig. Prosjektet har vekt oppsikt langt utover kommunen sine grenser. Seterboka er eit svært viktig tilskot til kulturarven og vil vere eit viktig supplement til dei øvrige bygdebøkene våre i Norddal. Likevel er Seterboka berre eitt av fleire døme på Valldal bondekvinne lag/Valldal bygdekvinne lag sine omfram store- og verdfulle bidrag til kulturen i Norddal. Det er Norddal kommune som melder dette på heimesida.



Bilde av laget etter at dei hadde slått Hødd i finalen. Frå venstre: Ådne Nakken, Magnus Kongsnes Jørgenvåg, Magnus Brautehaug, Bendik Hovden Ulvestad, John Håkon Nakken, Jørgen André Balseth, Hogne Jord-skar, Patrik Aasen og Elias Myklebust Mathiesen.

Kretsmeistrar i futsal

Sist helg vart det arrangert futsalcup for gutar 15 år i Strandahallen. Ørskog/Stordal spelte tre innleiande kampar laurdag, der dei vann alle tre, med total målskilnad på 12-1. Søndag var det sluttspel. Først vann dei 3-1 over Hareid og sidan 1-0 over Ørsta og var då klare for kvartfinalen. Der slo dei Blindheim 4-3. I semifinalen enda det med 2-1 over Langevåg.

Finalen gjekk mot Hødd, som var favorittar på førehand, sidan dei har vunne dei fleste KM-titlane i årsklassa 2000 tidlegare år. Men her møtte Hødd sine overmenn i gutane frå Ørskog/Stordal.

Prestasjonen som denne gjengen har gjort er utruleg stor. Dei har slått det eine storlaget etter det andre. Gjennom heile turneringa viste dei godt spel, gode taktiske kvalitetar og ein fantastisk innsats ute på bana. Laget har hatt stor framgang gjennom heile året. Dei vann 2. divisjon i ellevar utandørs no i haust og dei siste fire veken har dei treina innandørs tre-fire gongar i veka.

Sikrar muren



Håvard Sunde og Marius Høihjelle i Sunde entreprenør ventar på at floa skal trekkje seg attende og gjere deira arbeid lettare.

Ved ferjekaia på Sylte i Valldal er Sunde Entreprenør i full gang med å sikre ein mur som starta å røre på seg etter orkanen Dagmar i 2011. Dei grev så langt ned dei kan ved sida av muren og skal støype eit fundament i botnen. Så skal det borast boltar tvers gjennom muren som festast i armering før det støypast støtteklossar som skal halde muren på plass.

Tenestegjengen er klar

Tenestegjengen EB er klar for å gjere ein god jobb for folk i Valldal og Fjørå. Å lage elevbedrift synest vi er kjekt og det er lærerikt. Å vaske bil, hagearbeid, bilvask og snømåking er nokre av tenestene vi tilbyr.

Fint julegåvetips: Gi eit gavekort med gratis bilvask! Pengane vi tener skal gå til klassekassa som hjelp til klasseturar. Meir info kan de lese i flygebladet som de får i posten.

Helsing Aslak, Johan, Magnus, Jan Elias og Jon Arne



Tenestegjengen er klare for oppdrag